

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
18/2017

Vår ref.
19/559-5/DARO

Dato
21.10.2019

Svar på høyring om forslag til ny, heilskapleg språklov

Språkrådet viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet datert 23. august 2019 om forslag til ny, heilskapleg språklov.

Med forslaget frå Kulturdepartementet til ei ny, heilskapleg språklov får vi lovfesta viktige prinsipp i den norske språkpolitikken som hittil ikkje har vore formulerte i lovs form. Det er svært gledeleg, og Språkrådet ønskjer lovframlegget velkome. Ikkje minst er det positivt at alle offentlege organ etter framlegget til §1 andre ledd får eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Dette vernet får nynorsk i kraft av å vere det minst brukte av dei to skriftspråka som til saman dekkjer norsk språk. Dette ansvaret er tydeleg understreka i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, men blir no opphøgd til lov.

Når vernet av nynorsk som det minst brukte skriftspråket blir slått fast i føremålsparagrafen, må andre paragrafar i lova også vere utforma slik at dei dreg i same retning, og det har vore ei viktig rettesnor for fleire av dei merknadene Språkrådet kjem med i dette høyringssvaret.

Overordna merknader

Fylkeskommunane

Eit gjennomgåande spørsmål som departementet har halde ope gjennom lovframlegget, er om fylkeskommunane skal bli omfatta av dei same reglane som blir føreslått for regionale statsorgan når det gjeld bruk av bokmål og nynorsk. Dette kjem fram i lovframlegget ved at det er stilt opp to alternativ ved dei aktuelle paragrafane, der alternativ 1 pålegg fylkeskommunane dei same pliktene som statsorgan, medan alternativ 2 ikkje gjer det. Dette gjeld §§ 3, 11, 12, 14, 15, 16, 17, 18 og 19.

Språkrådet går inn for alternativ 1 ved alle dei nemnde paragrafane, altså at fylkeskommunane også skal omfattast av føresegnene. Regionreforma tek sikte på at fylkeskommunane skal overta forvaltningsoppgåver som i dag ligg til staten. Ein lovtekst i tråd med det som er føreslått i alternativ 2 i dei aktuelle paragrafane, vil dermed innebere ei innsnevring av området for dagens mållov gjennom at offentlig forvaltning blir omorganisert, og det vil svekkje verknadene av den offentlege språkpolitikken. Derfor er det viktig at fylkeskommunane og statsorgana blir omfatta av dei same reglane om bruk av bokmål og nynorsk. Det vil følgje opp prinsippet om at det offentlege har eit ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

Nemninga «skriftspråk» om bokmål og nynorsk

Språkrådet støttar framlegget frå departementet om å erstatte termen «målform» med «skriftspråk», brukt om bokmål og nynorsk. Nemninga «målform» har vist seg å vere vanskeleg å forstå for mange, ikkje minst på grunn av likskapen med «målføre». Det er heller ikkje noko heilt nytt at bokmål og nynorsk blir omtalte som ulike skriftspråk, sjølv om målform var mest brukt under perioden med tilnæringspolitikk i Noreg. I føremålsparagrafen for Norsk språknemnd, oppretta i 1952, stod det at nemnda skulle gje råd og rettleiing i språkspørsmåla «og i dette arbeidet fremja tilnærming mellom *dei to skriftmåla* på norsk folkemåls grunn» (vår kursivering). I *lov om målbruk i offentleg teneste* frå 1981 heiter det i første ledd i § 1 at «bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere *jamstelte skriftspråk* i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune» (vår kursivering).

Å omtale bokmål og nynorsk som skriftspråk i språklova vil innebere styrking av statusen deira. Det vil også vere meir i tråd med dei overordna prinsippa om sjølvstendig normering og stabilitet, slik dei er slått fast av Stortinget ved opphevinga av tilnæringsparagrafen i 2002 og i *Mål og meining* (s. 173).

Sanksjonar for brot på språklova

Føremålsparagrafen i lovframlegget slår fast at offentlege organ har eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket, som høyringsnotatet slår fast er nynorsk. Vidare blir statsorgan (og fylkeskommunale organ) pålagde å følgje reglar for namnelaging og bruk av bokmål og nynorsk.

Bruk av bokmål og nynorsk i statsorgan er i dag regulert i mållova, og Språkrådet har fått delegert tilsynsansvaret for reglane om målbruk i offentleg teneste. Erfaringa viser at reglane ikkje blir følgde som dei skal. Særleg har det vist seg vanskeleg å oppfylle kravet i målbruksforskrifta om bruk av minst 25 % nynorsk i statsorgana. Det er derfor eit spørsmål om lova i større grad ville vorte etterlevd om regelbrot hadde fått tydelegare konsekvensar.

Lovframlegget inneheld ikkje føresegner om sanksjonar for brot på reglane i lova. Departementet peikar i høyringsnotatet på at det er dei offentlege organa sjølve som skal sikre at lova blir etterlevd. Likevel er det ein føresetnad for at intensjonen med lova skal bli oppfylt, at eit reelt sektoransvar fungerer i praksis. Offentlege organ tek ikkje ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket om dei ikkje etterlever krava som lova legg på dei, særleg i kapittel 2. Måten å unngå sanksjonar på er å sørge for at alle departement og alle statlege og fylkeskommunale organ følgjer opp reglane i språklova på ein langt betre måte enn det som er tilfellet i dag når det gjeld reglane i mållova.

Kulturdepartementet må derfor evaluere verknadene av lova når ho har vore i bruk ei stund, men så raskt som råd, med sikte på å vurdere om det likevel trengst å innføre sanksjonar for brot på lova.

Framlegg til ny paragraf om norsk terminologi

I § 1 i lovutkastet blir det slått fast at føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir «sikra som eit fullverdig og samfunnsberande språk». Etter vårt syn er ikkje framlegget tilstrekkeleg til å dekkje intensjonane i § 1. Det gjeld særleg på området fagspråk og terminologi.

Språkrådet føreslår derfor å leggje til ein paragraf i lova, forslagsvis etter noverande § 9 *Klart språk*:

[Ny paragraf x] Fagspråk og terminologi

Offentlege organ har eit særleg ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi og å gjere norsk terminologi tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk på fagområda sine.

I samband med at Språkrådet føreslår å leggje til ein slik paragraf om terminologi, vil vi også gjere framlegg om eit tillegg til § 18, som tildeler Språkrådet eit ansvar i utviklinga av norsk terminologi, jf. merknadene våre til § 18.

Grunngjeving

Det er i hovudsak to grunnar til at Språkrådet gjer framlegg om ein eigen paragraf om norsk terminologi. For det første er arbeidet med fagspråk og terminologi i dag eit av dei aller viktigaste innsatsområda for å utvikle norsk som eit fullverdig språk slik at det er i levande bruk i alle delar av samfunnet og på alle bruksområde. I dag er trugselen frå engelsk fagspråk og terminologi reell på ein del fagområde, også i offentlig forvaltning. For det andre bør språkpolitikken sikre at det omfattande terminologiarbeidet regjeringa gjer på digitaliseringsområdet, sikrar nynorsk og bokmål som likeverdige forvaltningspråk.

Norsk som fullverdig språk

Høyringsnotatet peikar på at trugselen mot norsk som eit samfunnsberande og fullverdig språk først og fremst er *domenetap*. Det er også i tråd med sentrale dokument som St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening, Språkstatus 2017* og rapportane *Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv* (NIFU 2018) og *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* (2018).

Departementet skriv at ein med «fullverdig språk» meiner at norsk m.a. «har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle bruksområde». Dersom det ikkje blir utvikla terminologi på eit bestemt område, står ein i fare for språkbyte til språket som har den naudsynte terminologien til bruk i fagleg kommunikasjon, i praksis som oftast engelsk.

Ifølgje framlegget til språklav får offentlege organ ei særskild rolle for å sikre statusen til norsk språk i § 1, der det m.a. heiter at «[o]ffentlege organ har eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk. Dette omfattar eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket».

Premissen at norsk må utviklast slik at det kan nyttast på alle område, burde innebere eit særleg søkjelys på norsk fagspråk og terminologi. Språkrådet meiner at det manglar i høyringsnotatet, både i vurderingane og i framlegget til lov.

I høyringsnotatet er det det offentlege som får ansvar for å utvikle norsk språk eksemplifisert som å «ha norske namn på statsorgan som følgjer offisiell rettskriving og når dei skriv eit klart og mottakarretta forvaltningspråk» (s. 18). Språkrådet er nøgd med at desse to områda blir dekte i framlegget til språklav, men dei er langt frå tilstrekkelege til å dekkje intensjonane i språklova slik dei er formulerte i § 1. Det er nettopp bruken av engelskspråkleg fagspråk og terminologi som medfører *domenetap* og dermed er den største hindringa for at norsk er eit fullverdig språk.

Trugselen om domenetap for fagspråk og terminologi er ikkje berre aktuell i Noreg. Den svenske språklova inneheld ein eigen paragraf for svensk fagspråk og terminologi som spesifiserer sektoransvaret:

12 § *Myndigheter har ett särskilt ansvar för att svensk terminologi inom deras olika fackområden finns tillgänglig, används och utvecklas*

Island og Frankrike har også liknande lovformuleringar.

Det er mogleg at mangelen på samsvar mellom intensjon og oppfølging i departementets høyringsnotat skuldast bruken av omgrepet «domene», slik det blir diskutert i kap. 1.7. Domene blir her forstått som sosiolingvistiske kategoriar som t.d. 'politikk', 'religion', 'arbeid'. Det har i liten grad vore tradisjon for å nytte slike grovmaske kategoriar i samband med den språkpolitiske diskusjonen om domenetap i dei nordiske landa. Faglitteraturen har i større grad sett på domene som fagområde, noko som gjev eit meir nyansert bilete av stoda for eit nasjonalspråk.¹ Dersom ein legg til grunn 'offentleg forvaltning' som eit *einsarta* domene, kan nok norsk framstå som eit fullverdig språk. Likevel ser vi at engelsk er i bruk i offentleg forvaltning *i staden for* norsk, ikkje berre *i tillegg til* norsk. Det gjeld frå bruken av engelskspråklege fagtermar i NOU-ar² og til heile rapportar, notat og standardar i offentleg forvaltning på engelsk³. Dersom ein ser nærmare på einskilde fagområde, er trugsmålet frå engelsk reelt. Derfor bør ein nytte ei meir finmaske kategorisering av 'domene', om omgrepet skal kunne nyttast i norsk språkrøkt.

Rett nok er statusen for norsk fagspråk og terminologi langt sterkare i offentleg forvaltning enn i universitets- og høgskulesektoren. Høyringsnotatet peikar på § 1-7 i universitets- og høgskulelova, der det står at universiteta og høgskulane har eit ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. Det er viktig, men ikkje tilstrekkeleg for å sikre norsk fagspråk og terminologi. For det første siktar språklova mot ei rettsleg overbygning som sikrar ei heilskapleg tilnærming til norsk språk. Om denne paragrafen i universitets- og høgskulelova skulle falle bort ved neste lovrevisjon, står norsk fagspråk i fare for å miste sitt einaste dedikerte, lovfesta vern. I tillegg kan ein ikkje overlata ansvaret for å sikre norsk som eit fullverdig språk til ein sektor. Rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* (2018) peikar nettopp på korleis bruken av språk i ulike samfunnssektorar heng saman i eit fagspråkleg krinnsaup. Offentleg forvaltning spelar ei sentral rolle med å utvikle norsk fagspråk og terminologi gjennom å produsere viktige tekstar som t.d. NOU-ar, retningslinjer, instruksar, rapportar, notat, lover og forskrifter der fagtermar blir fastsette og spreidde til mange språkbrukarar. Det gjeld også fagressursar på digitale plattformer, t.d. klassifikasjon og kodeverk i helsevesenet. Situasjonen for norsk språk i UH-sektoren er kritisk innan ein del domene, og det får ringverknader i andre samfunnssektorar, m.a. offentleg forvaltning.

Den føreslåtte paragrafen ovanfor plasserer ansvaret på dei ulike offentlege organa for at dei utviklar norsk fagspråk og terminologi på *sine fagområde* slik at norsk blir sikra status som eit fullverdig språk. Språkrådet meiner at ei slik sektorspesifikk ansvars plassering er naudsynt for at arbeidet med å utvikle norsk fagspråk og terminologi faktisk skjer. Dette er særleg viktig for nynorsk fagspråk og

¹ Sjå t.d. *Det danske sprogs status med særligt henblik på domænetab* (Jarvad, 2001) og *Insikter om insikt* (Laurén, Myking og Picht, 2008, 175ff)

² Sjå t.d. bruken av engelske termar i NOU 2019:15 *Skatterådgiveres opplysningsplikt og taushetsplikt* og NOU 2018: 6 *Varsling – verdier og vern*.

³ Sjå t.d. dei såkalla forventningsdokumenta til Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) og standardane på ekom-området, som Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forvaltar, alle på engelsk.

terminologi i offentlig forvaltning, som ofte er basert på innsatsen til språkmedvitne og språkkompetente eldsjeler.

IKT og digitalisering – bokmål og nynorsk

Meld. St. nr. 27 (2015–2016) *Digital agenda* skildrar korleis IKT kan nyttast for å fornye, forenkle og forbetre offentlig sektor gjennom ein sektorovergripande digitaliseringspolitikk. Sentralt i elektronisk informasjonsbehandling og deling av data er terminologiarbeid. I meldinga står det (kap. 7.4):

Felles forståelse av begreper er helt nødvendig for å digitalisere offentlige tjenester som berører mer enn én forvaltningsorganisasjon.

Regjeringa drøftar i tillegg korleis terminologi kan bidra til eit digitaliseringsvennleg regelverk:

Regelverket bør være klart og forståelig, uten unødvendige skjønnsbestemmelser og med harmoniserte begreper.

Ei rekkje offentlege organ, som t.d. Nav, skatteetaten, Statens lånekasse for utdanning, Arkivverket, politiet, Direktoratet for e-helse, Brønnøysundregistra, Bergen kommune og Oslo kommune, har derfor sett i gang eit omfattande terminologiarbeid for å fastsetje termar og definisjonar for sentrale omgrep i forvaltninga.

Språkrådet har samarbeidd tett med Brønnøysundregistra for å utvikle ein felles termbase, Felles omgrepskatalog, som inngår i infrastrukturen for deling av data (Felles datakatalog). Denne termbasen vil vere det viktigaste verktøyet for å tilgjengeleggjere terminologien som blir utvikla i offentlig sektor, og vil dermed vere strategisk viktig for språkpolitikken og arbeidet med å gjere norsk språk fullverdig.

Terminologiarbeidet i samband med digitalisering går til dels ut på fastsetjing av norske fagtermar, dels utforming av definisjonar på ei rekkje fagområde i offentlig forvaltning. Sjølv om dette arbeidet er eit stort løft for norsk terminologi, er erfaringa at fastsetjing av fagtermar hovudsakeleg skjer på bokmål og i mindre grad på nynorsk. Etter Språkrådets syn vil den føreslåtte paragrafen innebere eit langt tydelegare krav om at offentlege organ som driv med terminologiarbeid i samband med digitalisering, må utvikle nynorske fagtermar parallelt med bokmål. Termbasen frå Brønnøysundregistra gjer det mogleg å registrere fagtermar frå lover, forskrifter og andre kjelder både på bokmål og nynorsk. Det vil vere eit viktig supplement til regelverktekstane, der fagtermane er skrivne *enten* på bokmål *eller* nynorsk. I praksis vil den aktuelle termbasen kunne fungere som ei elektronisk ordbok mellom bokmål og nynorsk for forvaltningssektoren. I tillegg vil denne termbasen gje opne språkdata i form av fagtermar på begge dei to skriftspråka til eksport til Språkbanken og gjenbruk i språkteknologiske løysingar.

Terminologiarbeidet i samband med digitalisering er likevel ikkje berre verktøy for å fastsetje fagtermar på nynorsk. Offentlege organ som tidlegare har nytta engelske fagtermar, vil vere nøyddde til å lage fagtermar på norsk. Slik sett er den aktuelle termbasen også eit viktig verktøy mot domenetap andsynes engelsk.

Språkrådet meiner at digitaliseringspolitikken gjev eit sjeldant godt høve til å sikre at det blir utvikla norsk fagterminologi på begge skriftspråk i offentlig forvaltning, dersom språkløva er tydeleg nok. Lovframlegget frå departementet er ikkje det, etter vårt syn.

Om det blir vurdert slik at det ikkje er ønskeleg å leggje til nye paragrafar i lova, kan eit alternativ vere å innarbeide formuleringane om fagspråk og terminologi i teksten til § 9, med ei ny overskrift på paragrafen, jf. merknadene våre til § 9.

Strukturen i lovforslaget

Sidan det er svært viktig at lover – ikkje minst ei språklov – er lette å lese og bruke for flest mogleg, har Språkrådet nokre merknader til strukturen i lovutkastet. Vi har funne det føremålstenleg å skilje desse kommentarane frå dei substansielle merknadene vi har til lovforslaget, og har derfor samla strukturmerknadene i ein bolk for seg, som følgjer til slutt i dette høyringssvaret. Vi gjer merksam på at det kan vere nødvendig å endre i tilvisingane i nokre av paragrafane dersom vårt framlegg til ny struktur blir teke til følge.

Vi gjer også merksam på at vi har knytt kommentarane og framlegga våre til inndelinga i lovutkastet slik det er. Dette har vi gjort for å unngå unødig støy i teksten ved at det blir vist til paragraf- og kapittelnummer som ikkje svarer til forslaget frå departementet. Dersom vårt framlegg til ny struktur går gjennom, må dermed ein del tilvisingar i teksten vår endrast slik at dei blir i tråd med den nye inndelinga.

Merknader til einskilde kapittel og paragrafar

§ 1 *Føremål*

Språkrådet støttar heilhjarta opp om innhaldet i paragrafen, som lovfestar både vern og status for språka som staten har eit ansvar for. Posisjonen til norsk som forvaltningspråk skal sikrast samstundes som det offentlege blir tildelt ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Det er likevel viktig at teksten i lova blir utforma slik at det ikkje oppstår tvil om at alle dei nemnde språka har lik verdi som bruksspråk. Når norsk språk i første ledd blir omtalt som «fullverdig», kan det lett oppfattast som at norsk blir vurdert som eit «betre» språk enn dei andre språka som er nemnde i paragrafen, som ikkje blir omtalte som fullverdige. Dette er det mogleg å unngå ved å omformulere med utgangspunkt i forklaringa av omgrepet «fullverdig» som departementet sjølv gjev: «Med omgrepet *fullverdig* er meint at språket har ein slik status at det kan brukast som fellesspråk i dei aller fleste samanhengar, og at det har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle bruksområde» (s. 18 i høyringsnotatet).

Framlegg til ny ordlyd for § 1 første ledd:

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne brukast i alle funksjonar og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Andre, tredje og fjerde ledd slår fast det ansvaret offentlege organ har for norsk, samiske språk, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Her er formuleringa «eit særleg ansvar» brukt for norsk språk i andre ledd, medan «eit ansvar» er brukt for dei andre språka i tredje og fjerde ledd. Det

er ikkje intuitivt opplagt kva som ligg i skilnaden mellom «ansvar» og «særleg ansvar», og det er heller ikkje tydeleg gjort greie for i høyringsnotatet. Gjeve at § 1 som overordna føresegner utgjer sjølve overbygninga for resten av lova, meiner Språkrådet at formuleringa «eit særleg ansvar» bør brukast i tredje og fjerde ledd av paragrafen, så vel som i andre ledd. Offentlege organ bør tildelast eit særleg ansvar samanlikna med ansvaret som kviler på heile samfunnet for å sikre at teiknspråklege og dei språklege minoritetane får oppfylt sine språklege rettar.

Andre ledd, andre punktum har denne ordlyden: «Dette omfattar eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket». Nynorsk er ikkje nemnt her, men i høyringsnotatet (s. 19) går det klart fram at departementet med dette meiner nynorsk. Om dette var klart uttrykt i lovteksten, ville det vere klart for alle som les han, at nynorsk i eigenskap av å vere mindretalsspråk har krav på eit særleg vern. Det kunne også medverke til å hindre at formuleringa kan oppfattast som at bokmål skal ha eit mindretalsvern i område der språket er mindre brukt enn nynorsk. Språkrådet vil oppmode departementet om å vurdere å ta dette tillegget om nynorsk som det minst brukte språket inn i lovteksten.

§ 1 har ei uheldig strukturell utforming. Paragrafen har overskrifta «Føremål», men andre, tredje og fjerde ledd har verken i form eller innhald karakter av føremålsføresegner. Språkrådet meiner det vil styrkje paragrafen om også desse tre ledda blir omfatta av ei eiga føremålsformulering.

Framlegg til ny ordlyd som erstatning for § 1, andre, tredje og fjerde ledd:

Føremålet med lova er også å slå fast at

- a) offentlege organ har eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk
- b) offentlege organ har eit særleg ansvar for å verne og fremje samiske språk
- c) offentlege organ har eit særleg ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk

[Nytt ledd] Ansvaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket.

§ 2 Definisjonar

Det er ikkje godt nok samsvar mellom omgrepsbruken i lova og det som blir definert i dei fem bokstavgrensningane i § 2. Vi kan rekne med at «dokument» (definert i arkivlova) og «allment tilgjengelege dokument» er nokså godt allment kjende. Desse er definerte i § 2, medan omgrep som ikkje kan reknast som allment kjende, som «språkvedtak» og «fleirtalsspråk» ikkje er det. Dei to sistnemnde må definierast i § 2. «Offentlege organ» bør i definisjonen få eit tillegg tilsvarande § 3, fjerde ledd, som kan spesifiserast og flyttast frå § 3 til § 2, jf. merknadene til § 3 nedanfor. Om § 2 blir ståande om lag som føreslått, bør det også lagast ein eigen definisjon av «fylkeskommune», over same leist som definisjonen av «statsorgan».

§ 3 Verkeområde

I fjerde ledd blir det slått fast at private rettssubjekt skal reknast som offentlege organ i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift. Denne formuleringa har preg av ein definisjon og kan eventuelt innarbeidast i definisjonen av «offentleg organ» i § 2.

Det bør dessutan inn eit tillegg i leddet. Også private rettssubjekt som driv med tenesteyting på vegner av det offentlege, må vere omfatta av språklova. Dei er ikkje omfatta av noverande mållov med mindre dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift.

Språkrådet vart i 2018 bedne om å ta stilling til om eit privat sjukehus som hadde driftsavtale med Helse vest (som er omfatta av mållova), var omfatta av mållova. Konklusjonen var at det nye selskapet berre var omfatta så langt dei gjorde enkeltvedtak eller utferda forskrift. Som tenesteytar var selskapet ikkje omfatta av mållova. Dette viser ein vesentleg veikskap både ved dagens mållov og framlegget til ny språklov.

Etter den nye språklova bør private rettssubjekt vere omfatta i eigenskap av å vere tenesteytarar. Tenester som blir ytte på vegner av det offentlege, blir oftast oppfatta som tenester frå offentlege organ. Når stadig fleire offentlege tenester blir sett bort til private, inneber det at ein aukande del av offentleg verksemd blir unnateken frå føresegnene i mållova. Det er derfor ein føresetnad for at føremålsparagrafen skal verke etter intensjonen, at også slike tenesteytarar fullt ut må omfattast av den nye språklova når dei utfører oppdrag på vegner av det offentlege.

Framlegg til ny ordlyd i § 3 fjerde ledd [kan flyttast til § 2, jf. merknad ovanfor]:

Private rettssubjekt skal reknast som offentlege organ i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift, eller driv tenesteyting på vegner av det offentlege.

I høyringsnotatet blir det sagt at departementet tek sikte på at såkalla blanda etatar (som Nav), med både statleg og kommunalt tilsette, skal vere omfatta av reglane for statsorgan. Det går ikkje utan vidare fram av lovutkastet at det vil bli slik. Dette bør uansett sikrast, enten i form av særmerknader i proposisjonen eller ved at det blir skrive inn i forskriftsverket.

Delar av §§ 2 og 3 kan sjåast i samanheng på den måten at dei siste tre bokstavgjeringane i § 2 er med på å definere verkeområdet for dei ulike delane av språklova. Denne samanhengen kan likevel bli klarare uttrykt. Språkrådet meiner at dei siste tre bokstavgjeringane i § 2 som eit alternativ kan gå ut derifrå og saman med det tredje, fjerde og femte leddet i § 3 utgjere hovuddelen av ein ny § 3.

Framlegg til ny ordlyd for § 3:

Kapittel 1 gjeld for offentlege organ og offentleg tilknytte organ.

Kapittel 2 gjeld for statsorgan og statstilknytte organ og for fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ.

Offentlege organ er fellesnemning for statsorgan, fylkeskommunalt organ og kommunalt organ og skal avgrensast slik som fastsett i offentleglova § 2 første og tredje ledd.

Ved statlege universitet og høgskular og i rettsstellet gjeld §§ 12 til 17 (kapittel 2) berre for den administrative delen av verksemda.

Departementet kan i forskrift fastsetje at visse fylkeskommunale organ og sjølvstendige rettssubjekt som er statsorgan etter tredje ledd, heilt eller delvis skal vere unnatekne frå reglane i §§ 12 til 17.

§ 4 Norsk språk

Det er gledeleg at paragrafen slår fast at norsk er forvaltningsspråk i Noreg, og at bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk i det offentlege. Likevel er det ønskjeleg å utvide første ledd i paragrafen med to nye punktum.

Språkrådet ser at departementet i høyringsnotatet har vurdert å bruke nemninga *hovudspråk* i den nye lova. Departementet vel likevel å slå fast statusen til norsk språk med nemninga *samfunnsberande språk*. I den svenske lova blir det slått fast at svensk er hovudspråk i Sverige, og førearbeida⁴ til lova seier at dette er eit verkemiddel for å hindre at svensk gradvis skal miste den samfunnsberande funksjonen sin, særleg med tanke på at engelsk får ei stadig sterkare stilling i samfunnet. Språkrådet meiner at vi treng eit tilsvarande verkemiddel i Noreg, og at det derfor er naudsynt å lovfeste norsk som hovudspråk i den nye lova.

I *Mål og meining*⁵ er det å lovfeste norsk som hovudspråk peikt på som eit prioritert og overordna tiltak i språkpolitikken. Norsk skal vere hovudspråk og eit samfunnsberande og fullverdig språk.

Mål og meining slår fast følgjande:

Det overordna målet for språkpolitikken fordrar eit kontinuerleg arbeid over eit breitt felt med sikte på å styrkja og utvikla norsk språk som eit rikt og funksjonelt bruks- og kulturspråk og som uomstridt nasjonalspråk og hovudspråk i Noreg (s. 14).

Språkrådet meiner at ordlyden i noverande § 4 første ledd ikkje er tilstrekkeleg for å nå føremålet i lova om å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg. Nemninga *samfunnsberande* i § 4 første ledd seier ikkje noko om at norsk skal vere det naturlege førstevalet i ei tid der vi ser ein glidande overgang til engelsk innanfor fleire samfunnsområde og fagområde.

Det er uomtvisteleg at statusen og stillinga til norsk språk er under auka press frå engelsk. Denne tendensen gjer seg særleg gjeldande i akademia, men òg i næringslivet er det ein aukande tendens til bruk av engelsk som arbeidsspråk. Språkrådet opplever no at folk tek kontakt fordi dei får tilsendt informasjon òg frå det offentlege på engelsk. For å demme opp for denne utviklinga er det naudsynt med ei føresegn som regulerer at norsk skal vere hovudspråket i Noreg. Vi er avhengige av at det offentlege brukar og utviklar språket på alle samfunnsområde. Skjer ikkje det, kan konsekvensen bli domenetap innanfor viktige samfunnsområde, noko som igjen kan føre til at posisjonen til det norske språket som fullverdig og samfunnsberande blir truga.

⁴ SOU 2002:27:

https://www.riksdagen.se/sv/dokument-lagar/dokument/statens-offentliga-utredningar/sou-2002-27-d5_GQB327d5/html

⁵ St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*, s. 14:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>

Dei siste tiåra har det norske samfunnet gått gjennom store demografiske endringar. I 2019 bur det rundt 765 000 innvandrarar i Noreg. Dei største gruppene er frå EU-landa Polen (om lag 98 000) og Litauen (om lag 38 000). Innbyggjarar frå EU kan flytte på seg og arbeide overalt i EØS-området. Med ei meir heterogen befolkning er det viktig å definere norsk som fellesspråk (hovudspråk og samfunnsberande språk) i Noreg, og i tillegg slå fast den retten den einskilde har til tilgang til dette fellesspråket. Det er eit demokratisk problem for det norske samfunnet dersom ein har befolkningsgrupper som ikkje meistrar det samfunnsberande språket i landet. Samfunnsdeltaking i Noreg føreset at ein minst i noka grad meistrar norsk språk, og dette må språklova spegle. Den svenske språklova spesifiserer tilgangen til svensk språk for alle som er busette i Sverige, samtidig som det svenske språket blir definert som fellesspråk i det svenske samfunnet. Føremonen med denne todelinga er at perspektivet og rettane til kvar einskild borgar blir gjorde tydelege, ikkje berre samfunnsinteressa av å ha eit fellesspråk.

I *Mål og mening* blir retten til nasjonalspråk trekt fram som ein av tre språklege, demokratiske rettar som må liggje til grunn for utforminga av språkpolitikken. Stortingsmeldinga slår fast at tilgang til norsk er ein individuell rett og ein føresetnad for å kunne ta del i det norske samfunnet. Strategirapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* frå 2018 slår fast følgjande:

«Språkkompetansen som innvandrere har med seg, er en viktig ressurs, både for den enkelte og for samfunnet. Samtidig er det et stort behov for å sikre tilgangen til norsk som fellesspråk for alle som bor og jobber i Norge.»

I rapporten blir det vist til andre studiar som slår fast at arbeidsinnvandrarar med god tame i norsk har større sosial mobilitet og i større grad har fast jobb enn dei med dårleg tame i norsk. Rapporten føreslår også fleire tiltak for å få opp norskkompetansen blant ulike innvandrargrupper i det norske samfunnet.

Lovframlegget slik det er no, definerer i for lita grad det ansvaret storsamfunnet har for å sikre tilgang til norsk språk for kvar einskild borgar. Språkrådet meiner derfor at ein må ta inn dette borgarperspektivet i ei ny språklov.

Framlegg til ny ordlyd for § 4 første ledd:

[Nytt punktum] Norsk er hovudspråket i Noreg. Det inneber at norsk er det samfunnsberande språket og forvaltningspråket. [Nytt punktum] Alle som er busette i Noreg, skal ha tilgang til norsk språk. Bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet.

§ 5 Samiske språk

Andre ledd første punktum i paragrafen slår fast at samiske språk og norsk er likeverdige språk. Det står slik i samelova § 1-5, og mønsteret er føresegna om tilhøvet mellom bokmål og nynorsk i mållova.

I framlegget til språklov, slik det er disponert og formulert, kan denne setninga verke uheldig. I paragrafane som følgjer, står det ikkje noko om at norsk og dei nasjonale minoritetsspråka respektive norsk teiknspråk er likeverdige språk. Det kan skape eit inntrykk av at desse språka på ein eller annan måte, som ikkje er presisert, ikkje er likeverdige med norsk. Dette er særleg uheldig for norsk

teiknspråk, ettersom det framleis er ei utbreidd oppfatning i samfunnet at norsk teiknspråk er meir eit erstatningsspråk eller hjelpemiddel for høyrselshemma menneske enn eit språk på linje med orale språk.

Det er heilt rett å gje samiske språk eit særskilt lovvern med ein eigen paragraf i språklova, men det er etter Språkrådets syn ikkje avhengig av at første punktum i andre ledd i paragrafen blir ståande.

Framlegg til ny ordlyd for § 5 andre ledd:

Samiske språk og norsk er likestilte språk etter føresegnene i
sameloven kapittel 3.

Når det i § 4 blir slått fast at norsk er samfunnsberande språk og forvaltningsspråk i Noreg, bør det gjerast merksam på at samiske språk også er samfunnsberande språk og forvaltningsspråk, nemleg i det samiske forvaltningsområdet. Dette bør kome klart fram i proposisjonen.

§ 7 Norsk teiknspråk

Lovutkastet inneheld ikkje konkrete rettar som språkbrukarar kan gjere gjeldande med heimel i språklova, i motsetning til den svenske språklova, der det finst eit eige kapittel med overskrifta «Den enskildes tilgang till språk». Av dei språka som offentlege organ i Noreg gjennom føremålsparagrafen får eit særleg ansvar for å verne og fremje, er norsk teiknspråk i ei særstilling. I høyringsnotatet (s. 20) peikar departementet sjølv på at tilgangen til norsk teiknspråk heng svært tett saman med tilgangen til språk i det heile. Dei fleste døve er barn av høyrande foreldre, og derfor blir ikkje teiknspråk, eller språk i det heile, automatisk overført frå foreldra. Føresetnaden for tilgang til språk for døve og høyrselshemma er at det finst gode arenaer for bruk av og opplæring i teiknspråk. I rapporten *Språkstatus 2017* peikar Språkrådet på at slike arenaer no er så få og små at døve og høyrselshemma får for lite tilgang til norsk teiknspråk i kvardagen. Dette er ei alvorleg utvikling, som set døve og høyrselshemma barn i fare for å få svekt tilgang til språk i det heile teke, med dei alvorlege konsekvensane det kan få for den enskilde, til dømes språkleg deprivasjon og svekte moglegheiter for demokratisk og sosial deltaking på linje med andre.

Språkrådet meiner § 7 i lova bør innehalde ei formulering om tilgang til norsk teiknspråk. Departementet bør dessutan vurdere om liknande formuleringar om tilgang bør innarbeidast i §§ 5 og 6, altså for samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Framlegg til eit tillegg i § 7:

[Nytt ledd] Dei som er døve eller høyrselshemma, eller som av andre grunnar har behov for norsk teiknspråk, skal ha tilgang til språkmiljø der dei kan lære seg, bruke og utvikle ferdigheiter i norsk teiknspråk.

På s. 49 i høyringsnotatet står dette:

«På same måte som for samiske språk og nasjonale minoritetsspråk vil det offentleges plikter og språkbrukaranes rettar følgje av anna regelverk enn språklova. Ei lovfesting av norsk teiknspråk inneber ikkje at teiknspråkbrukarar har fått utvida juridiske rettar eller at konkrete tiltak automatisk skal bli sette i gang.»

Det same meiningsinnhaldet er slått fast på s. 9 i notatet, utan at spesielle språkbrukargrupper er nemnde der:

«Framlegget til overordna reglar i kapittel 1 vil ha rettsleg innverknad på dei språkbrukssituasjonane som i dag *ikkje* er regulerte i anna lovgjeving. Dei overordna reglane er likevel formulerte slik at dei ikkje utløyser nye konkrete rettar til språkbrukargrupper eller detaljregulerer plikter.»

Innhaldet i det sist siterte utdraget bør vere tilstrekkeleg for å få fram poenget her. Det burde vere unødvendig å gjenta det, særleg sidan dette ikkje er gjort i vurderingane i samband med paragrafane for samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka. Språkrådet ber derfor om at det siterte utdraget frå s. 49 i høyringsnotatet blir stroke.

§ 8 Skandinaviske språk

Det er gledeleg at den nye lova gjev alle rett til å bruke svensk eller dansk i munnleg eller skriftleg kontakt med det offentlege, og at offentlege organ kan svare på norsk. Dette gjev status og tyngde til den skandinaviske grannespråksforståinga, slik departementet sjølv seier i høyringsnotatet (s. 50):

«Det er rimeleg å vente at det offentlege Noreg forstår dansk og svensk så godt at desse språka kan brukast i kontakt med det offentlege. Det er like rimeleg at dei som brukar dansk og svensk i kontakt med det offentlege, forstår eit svar på norsk.»

Forskning har slått fast det som har vorte meir og meir tydeleg dei siste tiåra: Grannespråksforståinga i dei skandinaviske landa har vorte dårlegare, og engelsk tek i aukande grad over posisjonen som samtalspråk når folk frå ulike delar av Norden snakkar med kvarandre. Om den lovpålagde retten til å bruke svensk eller dansk i kontakt med det offentlege skal bli reell, meiner Språkrådet det vil krevje auka satsing på tiltak for å ta vare på og forbetre den skandinaviske grannespråksforståinga.

§ 9 Klart språk

Språkrådet er samd med departementet i at «det er nødvendig med ei lovfesting av ansvar for klarspråk i ei overordna språklov». Språkrådet stør framlegget frå departementet, men har nokre merknader til ordlyden i paragrafen.

Som kjent inneheld også framlegget til ny forvaltningslov ein klarspråksparagraf, men det er ikkje til hinder for at også språklova har det. (Departementet drøftar dette i høyringsnotatet.) Dessutan vil det truleg ta fleire år før den nye forvaltningslova tek til å gjelde.

Ordlyden i utkastet til språklov er slik:

Offentlege organ skal føre eit språk som er klart og forståeleg for dei det rettar seg til.

Merknad 1: Det er eit tilvisingsproblem (ein kongruensfeil) i paragrafen: «... eit språk som er klart og forståeleg for dei **det** rettar seg til» (vår utheving). Det er ikkje språket i seg sjølv, men avsendaren (ev. teksten) som «rettar seg til» nokon. Meininga må vere «for dei dei [organa] rettar seg til», men det blir heller ikkje godt.

Merknad 2: Språket kan vere klart og forståeleg utan å være godt. Også forvaltningslovutvalet har tenkt på dette. I merknadene til framlegget til ny forvaltningslov⁶ heiter det:

[...] selv om språket er forståelig, kan det være skadelig for forvaltningsorganets generelle rykte og anseelse – og virke lite tillitvekkende – hvis ansatte i organet ikke skriver normrett eller av andre grunner oppfattes som slurvete.

Merknad 3: «Klart» dekkjer «forståeleg». «Forståeleg» blir ei overpresisering (som undergrev «klart»). «Tilpassa» gjev eit betre signal (undergrev ikkje «klart»), som tek omsyn til språket i kontekst.

I utkastet til forvaltningslov § 8 andre ledd finn ein ikkje denne overpresiseringa:

(2) Forvaltningsorganet skal bruke et språk som er klart, presist og så vidt mulig tilpasset mottakeren.

Merknad 4: Formuleringa «føre eit språk» i utkastet kan signalisere at klar kommunikasjon berre handlar om ord og formuleringar på setnings- og avsnittsnivå, og ikkje like mykje om innhald, struktur og visuelle element. I røynda er det største problemet ofte at tekstutvalet er for dårleg tilpassa situasjonen, og at strukturen ikkje er gjennomtenkt. Slik bruk av ordet «språk» kan òg vere lite framtidsetta og ikkje ta høgde for nye måtar å kommunisere på (digitaliserte tenester, grafikk, film).

Med utgangspunkt i merknadene ovanfor har Språkrådet dette framlegget til ny ordlyd i § 9:

Offentlege organ skal kommunisere på eit språk som er klart, korrekt og tilpassa målgruppa.

Dersom departementet kjem til at det ikkje er aktuelt å leggje til ein eigen paragraf om norsk terminologi, jf. dei overordna merknadene våre, meiner Språkrådet at den føreslåtte teksten som eit alternativ kan gå inn som eit nytt ledd i § 9. Paragrafen må i så fall få ny overskrift.

Alternativt framlegg til ny overskrift for § 9: Klart språk, fagspråk og terminologi

Alternativt framlegg til eit tillegg i § 9:

[Nytt ledd] Offentlege organ har eit særleg ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi, og å gjere norsk terminologi tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk på fagområda sine.

§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk

Språkrådet vil gjerne peike på to ting som bør gjerast tydelege i samband med lovteksten:

⁶ NOU 2019: 5 *Ny forvaltningslov – Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven)*

kap. 13.5.4. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-5/id2632006/sec14#KAP13-5-4>

- 1) I proposisjonen bør det gå klart fram at ein med «offisiell rettskriving» meiner formelle skrivereglar (teiknsetjing, bruk av små og store bokstavar, bruk av siffer o.l.) i tillegg til reglar for staving og bøyning i bokmål og nynorsk.
- 2) I proposisjonen bør det òg presiserast at plikta til namn på både bokmål og nynorsk for statsorgan [eller offentlege organ, jf. vårt framlegg til ny ordlyd nedanfor] òg omfattar namn og nemningar på avdelingar, seksjonar, nemnder og andre organisatoriske einingar hos organa.

Språkrådet ser ingen god grunn til at ikkje også kommunar og fylkeskommunar skal vere omfatta av plikta som statsorgan etter andre ledd i paragrafen blir pålagde til å ha norske namn som følgjer offisiell rettskriving. Med andre ord bør også kommunale og fylkeskommunale organ følgje rettskrivingsreglane i namnebruken sin. Derimot bør ikkje kommunar, eller fylkeskommunar med tenestemål, vere omfatta av ei plikt til å ha namneformer på både bokmål og nynorsk.

Framlegg til ny ordlyd i § 10:

Offentlege organ skal følgje offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk.

Offentlege organ skal ha namn på norsk, både på bokmål og nynorsk, som følgjer offisiell rettskriving.

[Nytt ledd] Ansvaret etter andre ledd, om namn både på bokmål og nynorsk, gjeld ikkje for kommunar og for fylkeskommunar med tenestemål.

§ 11 Kommunale språkvedtak

Framlegget er ei vidareføring av prinsippet i dagens mållov om at kommunar kan gjere målvedtak, og Språkrådet støttar dette. Det er presisert at det er kommunestyret som «sjølv» kan gjere slike vedtak, og det er positivt at det blir presisert at språkvedtak ikkje kan delegerast til andre kommunale organ. Nemningsendringa til «språkvedtak» følgjer av endringa frå «målform» til «skriftspråk» om bokmål og nynorsk. Det er likevel heilt nødvendig at nemninga «språkvedtak» blir forklart, jf. merknadene våre til § 2.

Ei vesentleg endring i alternativ 1 frå dagens mållov er at fylkeskommunar ikkje lenger skal kunne gjere egne språkvedtak. Det følgjer av at fylkeskommunar etter alternativ 1 gjennomgåande vil bli omfatta av same språkbruksreglar som regionale statsorgan, og dermed vil vere forplikta til å nytte eit eventuelt fleirtalspråk for tenestekrinsen i allment tilgjengelege dokument. Dette er ei endring som Språkrådet stør.

Det er positivt at Språkrådet i andre ledd får eit lovfesta ansvar for å motta meldingar om slike vedtak, men andre ledd er unødig tungt formulert. Det er betre å skrive kva kommunane skal melde frå om, enn å bruke ei tilvising til førre ledd.

Framlegg til ny ordlyd for § 11 andre ledd (etter alternativ 1):

Kommunar skal melde frå om språkvedtak til Språkrådet.

§ 12 Veksling mellom bokmål og nynorsk

I framlegget til § 12 er det svært positivt at 25-prosentregelen om bruk av bokmål og nynorsk i allment brukte dokument er løfta frå forskrift til lovtekst. Det er også positivt at det ligg ei skjerping av reglane om veksling i «eit rimeleg samhøve» for nøytrale regionale statsorgan som i tenestekrinsen har kommunar med språkvedtak om bokmål eller nynorsk, og at fylkeskommunar utan tenestemål skal omfattast av dei same vekslingsreglane som dei regionale statsorgana (alternativ 1). Det er svært viktig at nøytrale regionale statsorgan og fylkeskommunar får eit press på seg til reint faktisk å veksle mellom skriftspråka.

Likevel må verknadene av dei føreslåtte reglane her sjåast i samanheng med føremålet med lova slik det er uttrykt i § 1, at offentlege organ skal ha eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket. Det heilt avgjerande her må vere at reglane er innretta på ein måte som gjer at nynorskbruken ikkje går ned. Effekten av føresegnene i lova må vere at nynorsk blir styrkt, ikkje svekt. Med dei nye reglane for fleirtalsspråk som følgjer av framlegget til § 15, kan vi risikere at nynorskbruken reelt sett vil gå ned nokre stader, som følgje av at organ som etter dagens reglar hadde nynorsk som tenestemål (t.d. Rogaland), no vil bli nøytrale. Mindre bruk av nynorsk er uheldig, sjølv om det eventuelt råkar få stader.

I nokre av dei nye samanslåtte fylka kan nynorskbruken til og med forsvinne heilt frå allment tilgjengelege dokument med dei føreslåtte vekslingsreglane. Viken vil få eit fleirtal av bokmålskommunar og vil vere pålagd å bruke bokmål som tenestemål i alt allment tilgjengeleg tilfang. For nynorskkommunar som Gol, Ål og Hemsedal vil dette få som verknad at ein mindre del enn tidlegare av dei mottok frå regionale statsorgan, vil vere på nynorsk. Dette er ikkje i tråd med intensjonen i lova slik han er uttrykt i føremålsparagrafen.

Språkrådet meiner dessutan at vekslingsreglane må kome eksplisitt fram i lovteksten, og at dei må utformast slik at dei som eit minimum sikrar ein nynorskbruk på linje med i dag. For å unngå eit scenario som skissert i tilfellet Rogaland vil vi føreslå at regionale statsorgan og fylkeskommunale organ skal bruke minst 40 prosent nynorsk dersom minst 25 prosent av kommunane i tenestekrinsen har gjort vedtak om å krevje nynorsk. Dersom det i det heile teke finst kommunar i tenestekrinsen som har gjort vedtak om nynorsk, skal regionale statsorgan og fylkeskommunale organ bruke minst 10 prosent nynorsk.

Det er også viktig å synleggjere at desse vekslingsreglane finst for å ivareta det særlege vernet nynorsk får etter føremålsparagrafen i lova som det minst brukte skriftspråket. Etter Språkrådets syn treng ikkje bokmål som majoritetsspråk i Noreg eit tilsvarande særskilt vern, og det er derfor heller ikkje rimeleg at bokmålskommunar blir omfatta av føresegnene om veksling mellom nynorsk og bokmål hos språkleg nøytrale statsorgan og fylkeskommunale organ.

Med ei endring slik vi føreslår her, vil betydninga av «språkleg nøytralt område» bli mindre, og «fleirtalsspråk» blir i denne samanhengen unødvendig. § 15 kan dermed takast ut frå lovteksten.

Framlegg til nytt første og andre ledd i § 12:

Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Regionale statsorgan skal veksle mellom bokmål og nynorsk etter følgjande reglar:

- a) Dersom fleirtalet av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje nynorsk, skal nynorsk vere tenestespråket i krinsen.
- b) Dersom mellom ein fjerdedel og halvparten av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje nynorsk, skal det regionale statsorganet veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 40 prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument.
- c) Dersom minst éin kommune og mindre enn ein fjerdedel av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje nynorsk, skal det regionale statsorganet veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 10 prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument.
- d) Dersom ingen kommunar har gjort vedtak om å krevje nynorsk, og fleirtalet av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje bokmål, skal bokmål vere tenestespråket i krinsen.
- e) Dersom ingen kommunar har gjort vedtak om å krevje nynorsk, og fleirtalet av kommunane i ein tenestekrins er språknøytrale, er det ingen vekslingsreglar eller fleirtalsreglar for språkbruken i det regionale statsorganet.

Andre merknader til paragrafen:

Ordet «fleirtalsspråk» må forklarast, jf. merknad til § 2. Det står ei slags forklaring i § 15, men det er ikkje heldig at omgrepet blir brukt (§ 12) før det blir introdusert (§ 15). Det må takast inn i definisjonsparagrafen.

Siste punktum i tredje ledd (begge alternativa) er språkleg problematisk: «Dokument med særleg tilknytning til éin kommune skal følgje språkvedtaket i kommunen.» Dette er ein språkleg snarveg som gjer innhaldet vanskeleg å gripe. Plikta ligg godt skjult i ei komprimert og upersonleg formulering. Det er statsorganet og ikkje dokumentet som skal følgje vedtaket.

Framlegg til ny formulering i tredje ledd siste punktum: Dersom eit dokument har særleg tilknytning til ein kommune, skal statsorganet eller fylkeskommunen i dette dokumentet følgje språkvedtaket i kommunen.

§ 14 *Bruk av bokmål og nynorsk til enkeltadressatar*

Språkrådet støttar alternativ 1, jf. dei overordna merknadene.

§ 15 *Fleirtalsspråk*

Dersom endringsframlegget vårt for første og andre ledd i § 12 går gjennom, kan § 15 takast ut av lovframlegget. Om ikkje har vi desse merknadene:

«Fleirtalsspråk» må forklarast, jf. merknadene våre til §§ 2 og 12.

Som vi peikar på i dei overordna merknadene og merknadene til § 12, må det heilt avgjerande for om føremålsparagrafen i lova blir oppfylt, vere at nynorsk blir brukt meir enn no, ikkje mindre. Regelen

for utrekning av fleirtalsspråk som blir føreslått i denne paragrafen, vil slå litt begge vegar, men nokre statsorgan, som fram til no har måtta bruke nynorsk, vil i framtida også kunne bruke bokmål. I slike tilfelle vil nynorskbruken gå ned, og det er ikkje i tråd med føremålsparagrafen.

Det er positivt at den nye utrekningsmåten fører til meir nynorsk i nøytrale statsorgan, men det er uheldig at han potensielt også kan svekkje nynorsken i område der han i dag står sterkt som forvaltningspråk. Språkrådet meiner dei nye utrekningsreglane for fleirtalsspråk berre er akseptable dersom vekslingsreglane sikrar at bruken av nynorsk ikkje går ned som følgje av endringa, jf. merknadene våre til § 12. Det er svært viktig med ei tett oppfølging av at regionale statsorgan og fylkeskommunar faktisk vekslar mellom bokmål og nynorsk etter reglane, dersom ein skal kunne oppfylle intensjonen i føremålsparagrafen om at nynorsk som det minst brukte skriftspråket skal fremjast.

Merknad til språkbruken:

Formuleringa i begge alternativa er vanskeleg å forstå fordi meininga er så komprimert:

Eit regionalt statsorgan (eller ein fylkeskommune) skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen dersom over halvparten av kommunane i tenestekrinsen har gjort same språkvedtak etter § 11 første ledd [alternativ 1].

Eit regionalt statsorgan skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen uansett. Det kan sjå ut til at to ting er slått saman her: 1) vedtaket, 2) plikta (som følgjer av vedtaket). Då blir meininga uklar.

Her er det to hovudpoeng: 1) Det språket som over halvparten av kommunane i tenestekrinsen gjer vedtak om, blir fleirtalsspråket i tenestekrinsen. 2) Regionale statsorgan og fylkeskommunar skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen.

Framlegg til ny ordlyd i § 15 (alternativ 1):

Det språket som over halvparten av kommunane i ein tenestekrins gjer vedtak om, blir fleirtalsspråket i tenestekrinsen. Eit regionalt statsorgan eller ein fylkeskommune skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen. [Fleirtalsspråk må vere definert]

§ 16 *Krav til skrivekompetanse*

I høyringsnotatet argumenterer departementet for at føresegna i denne paragrafen i røynda er ei vidareføring av det som reint faktisk er hovudregelen i dag. Språkrådet står fullt ut at statsorgan og fylkeskommunale organ no i lovs form skal påleggjast å ha den nødvendige skrivekompetansen. Vi er derimot ikkje samde med departementet om at den einskilde tilsette ikkje lenger skal ha plikt til å bruke både bokmål og nynorsk i arbeidet sitt.

Ei endring i tråd med framlegget på dette punktet vil vere eit tap for heilskapen og samanhengen i den norske språkpolitikken. Opplæringslova og mållova følgjer begge opp det same historiske utgangspunktet, som er Stortingets jamstillingsvedtak frå 1885. Opplæringslova sikrar at statsorgana har tilgang på grunnkompetanse i både bokmål og nynorsk. Departementet sjølv påpeikar dette i høyringsnotatet (s. 73):

Som verkemiddel i norsk språkpolitikk står derfor mållova og opplæringslova gjensidig opp om kvarandre.

Den nye språklova bør også stø opp under heilskapen i den norske språkpolitikken ved å vidareføre plikta den einskilde tilsette etter mållova har til å bruke både bokmål og nynorsk i arbeidet sitt i statsorgan. Ordlyden i paragrafen bør sikre at det er både ei institusjonsplikt og ei tenestepunkt å bruke både bokmål og nynorsk etter reglane i dette kapittelet.

Framlegg om tillegg i § 16 (alternativ 1):

Statsorgan og fylkeskommunale organ skal ha den skrivekompetansen som er nødvendig for at organa skal kunne bruke bokmål og nynorsk etter reglane i kapittel 2.

[Nytt ledd] For å dekkje behovet for skrivekompetanse etter første ledd skal statsorgan og fylkeskommunale organ krevje at tilsette skal kunne skrive både bokmål og nynorsk.

[Nytt ledd] Statsorgan og fylkeskommunale organ kan frita medarbeidarar frå kravet om skrivekompetanse etter første ledd når særlege grunnar tilseier det, så lenge organa samla sett har den skrivekompetansen som trengst for å oppfylle kravet i første ledd.

§ 18 Språkrådet

Første ledd i paragrafen slår fast at Språkrådet «forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk». Språkrådet meiner det som er den faktiske situasjonen i dag, må kome tydelegare fram i lovteksten: at «forvalte» inneber å fastsetje rettskriving for både bokmål og nynorsk, i tillegg til å vedta skrivereglar for dei to skriftspråka. Kulturdepartementet har delegert dette ansvaret til Språkrådet, men vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Jf. *Lov om dansk retskrivning*, som i § 1 slår fast at «[d]ansk retskrivning fastlægges af Dansk Sprognævn». Jf. også *Lov om Dansk Sprognævn*, der det i § 2 tredje ledd står at «[æ]ndringer af principiell karakter kræver godkendelse af kulturministeren efter indhentet udtalelse fra undervisningsministeren».

Framlegg til endring av ordlyden i § 18 første ledd:

Språkrådet er statens fagorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål og fastset rettskriving og skrivereglar for dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.

Språkrådet registrerer at ordet «forvaltningsorgan» er brukt i § 18 første ledd. I Språkrådets vedtekter står det at Språkrådet er statens *fagorgan* i språkspørsmål (vår utheving), men dette omgrepet er ikkje teke inn i lovteksten. Vi meiner likevel det bør klargjerast i proposisjonen kva som ligg i at Språkrådet er forvaltningsorgan. Som fagorgan har Språkrådet eit visst sjølvstende, mellom anna høve til å ta eigne initiativ, og det kan også ha innverknad på sjansane for å kunne rekruttere høgt kompetente medarbeidarar. Det er viktig at omgrepsbruken i lovteksten sikrar Språkrådet den same posisjonen etter at lova tek til å verke, som bruken av ordet «fagorgan» gjev oss i dag.

I høyringsnotatet (s. 81) står dette: « ... Språkrådet skal bidra til at autoritative rettskrivingsordbøker er tilgjengelege i *papirbasert og elektronisk form*» (vår utheving). Denne formuleringa kan slå uheldig ut, dersom det til dømes bind Språkrådet til å bidra til å gjere *Bokmålsordboka og Nynorskordboka* tilgjengelege i papirformat. Det vil leggje ein del føringar, m.a. for dei datatekniske løysingane, som det i utgangspunktet ikkje er teke høgde for i prosjektet med revisjon av dei to ordbøkene. Språkrådet set eit spørjeteikn ved om Språkrådet gjennom førearbeida til lova skal vere generelt

forplikta til å arbeide for at ordbøker framleis skal vere på papir, eller om det er vurderingar som andre bør ta seg av.

Andre ledd i paragrafen lovfestar at Språkrådet skal spele ei viktig rolle i saker som gjeld namn på statsorgan. Dette bør også gjelde i saker som gjeld namn på fylkeskommunale organ, jf. merknadene våre til § 10, og må kome med i lovteksten.

Det er likevel slik at framlegget berre lovfestar ei plikt for Språkrådet til å gje råd når Språkrådet blir rådspurt i namnesaker. I dag er tilstanden slik at ingen statsorgan har plikt til å konsultere Språkrådet i slike saker, og slik vi tolkar framlegget, vil dei heller ikkje ha det om framlegget til § 18 andre ledd blir vedteke. Språkrådet meiner vi må få ei føresegn som forpliktar statsorgan (og overordna departement) og fylkeskommunale organ til sjølv å konsultere Språkrådet i namnesaker. Ei konsultasjonsplikt vil ikkje innebere ei plikt for organa og departementa til å følgje råda frå Språkrådet (bortsett frå at dei vil vere bundne av § 10 andre ledd om det blir vedteke), men dei vil aktivt måtte søkje råd før dei tek ei avgjerd om namn.

Ei slik konsultasjonsplikt må også gjelde for namn på underliggjande organ i statsorgan og fylkeskommunale organ, jf. merknadene våre til § 10. Også verksemder som er heileigde av staten, eller der staten er majoritetseigar, må vere omfatta av konsultasjonsplikta. Desse presiseringane må kome med i proposisjonen. Det er viktig at språkpolitikken kjem til syne gjennom gode språkvedtak, uavhengig av tilknytingsform. For folk flest er det slik at staten er staten. Korleis staten vel å organisere seg sjølv, kan ikkje vere avgjerande for verknadene av språkpolitikken.

Andre ledd gjev uklare signal om kven som har plikt til kva. Rådføringsplikta kjem ikkje tydeleg fram.

Framlegg til endring av ordlyden i § 18 andre ledd:

Før eit statsorgan eller eit fylkeskommunalt organ gjer vedtak om namn på organet eller endring av dette namnet, skal Språkrådet gje råd om skrivemåte og namneskikk. [Nytt punktum] Organa skal sjølv be Språkrådet om råd før dei gjer slikt vedtak.

Etter framlegget til fjerde ledd får Språkrådet ei plikt til å rettleie det offentlege òg når det gjeld klarspråk for samiske språk. Plikta følgjer av det overordna rettleiingsansvaret i kapittel 1 og av framlegget til klarspråksregel. Det er understreka i høyringsnotatet at det ikkje er forventa at Språkrådet går inn i konkret tekstarbeid på klarspråksfeltet for samiske språk. Framlegget understrekar òg at ansvaret ikkje inneber ei utviding av arbeidsfeltet til Språkrådet, eller at Språkrådet i framtida må rekruttere medarbeidarar med kompetanse i samiske språk. (Jf. nærmare utdjuping i eige kapittel seinare.)

Når fjerde ledd slår fast at Språkrådet skal ha rettleiingsplikt overfor offentlege organ, blir det vist til dei overordna reglane i kapittel 1. Denne plikta har vel Språkrådet uansett, etter forvaltningslova. Om kapittel 1 blir ståande slik framlegget er, er tilvisinga i § 18 til kapittelet noko klar (jf. strukturmerknadene våre). Departementet bør vurdere om ein i samband med fjerde ledd heller bør vise til forvaltningslova § 11.

Vi har tidlegare i høyringssvaret gjort framlegg om å ta inn ein ny paragraf i lovteksten, som gjev offentlege organ eit særleg ansvar for å utvikle terminologi m.m. Også Språkrådet bør i lovteksten få tildelt eit ansvar i samband med utviklinga av norsk terminologi.

Det har vakse fram ein stor etterspurnad etter Språkrådets kompetanse på terminologifeltet det siste året, også i kommunal sektor. Språkrådet har halde ei rekkje kurs i terminologiarbeid hos offentlege

organ. Sidan 2017 har også Språkrådet fått ei sentral rolle i Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) sitt arbeid med å utvikle forvaltningsstandardar på digitaliseringsområdet. Difi har peikt ut Språkrådet som kompetanseorgan i terminologi i offentleg forvaltning. Språkrådet og Difi har samarbeidd om å utvikle tre forvaltningsstandardar for terminologi, og ein fjerde vil bli klar i 2019. Språkrådets rolle som kompetanseorgan og strategisk samordnar for terminologiarbeid i Noreg har også gjeve innpass i nye arenaer som har gagna andre innsatsområde hos Språkrådet, t.d. arbeidet med språkdata og språkteknologi hos Skate-rådet⁷.

Språkrådet vart i *Mål og mening* utpeikt til nasjonalt samordningsorgan for utvikling av norsk terminologi. Det vart oppretta ei eiga terminologiteneste med tre tilsette og eit eige fagråd. Språkrådet har sidan då arbeidd med å samordne utviklinga av terminologi på norsk på ei rekkje samfunnsområde, frå helsesektoren og tekniske standardar til fagfelt i akademia og opplæringssektoren.

§ 18 fastset fleire lovfesta oppgåver til Språkrådet, m.a. rettleiingsplikta. Samordningsfunksjonen må seiast å vere både annleis i vesen og meir omfattande enn rettleiingsplikta. Det er derfor vanskeleg å sjå korleis Språkrådet som samordningsorgan for terminologi kan falle inn under den noverande ordlyden i paragrafen.

På same måte som rettleiingsansvaret i § 18 i praksis ikkje vil utvide arbeidsoppgåvene for Språkrådet, men gjere det tydeleg for omverda at Språkrådet har dette mandatet, vil heller ikkje samordningsansvaret for terminologiutvikling utvide arbeidsoppgåvene, men gjere mandatet tydelegare for omverda, særleg offentleg forvaltning. Språkrådet føreslår derfor ei utviding av § 18 slik at lova dekkjer rolla Språkrådet har på terminologifeltet, slik det vart fastsett i *Mål og mening*.

Framlegg til eit nytt og femte ledd i § 18:

[Nytt ledd] Språkrådet skal samordne utviklinga av norsk terminologi.

Departementet viser til den føreslåtte vidareføringa av noverande reglar om målvedtak, som seier at språkvedtak skal meldast til Språkrådet (§ 11 andre ledd). I høyringsnotatet (s. 83) står det at «[d]epartementet føreslår ei føresegn om dette i § 18 femte ledd».

Språkrådet har ikkje funne noko slikt femte ledd i framlegget. Vi er derfor usikre på om leddet manglar i framlegget på grunn av ein glipp, eller om det er slik at departementet har gått bort frå det, og så berre gløymt å ta den siterte setninga ut frå teksten i høyringsframlegget.

Ressursmessige konsekvensar av lovforslaget

Føremålet med forslaget til ei ny, heilskapleg språklov er å lovfeste statusen til norsk språk og å lovfeste og definere statusen til samiske språk, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka. Føremålet er også å slå fast det ansvaret det offentlege har for dei nemnde språka.

Sjølv om det er uttrykkjeleg sagt i førearbeida til lova at ho ikkje skal utløyse rettigheter for språkbrukarane ut over det som følgjer av eksisterande lovgjeving, vil eit tydelegare lovvern kunne

⁷ Skate er eit strategisk samarbeidsråd og rådgjevande organ som skal bidra til at digitaliseringa av offentleg sektor blir samordna og gjev gevinstar for innbyggjarar, næringsliv og forvaltninga.

føre til forventningar om ein ombodsfunksjon, ikkje minst frå brukarar av minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Lova skisserer ikkje noko klageregime, og det er grunn til å tru at Språkrådet av mange vil bli oppfatta som eit ombod for den nye lova. Dersom intensjonen er at Språkrådet skal ha ein ombodsfunksjon knytt til regelverket i lova, bør dette presiserast, og det må leggjast ressursmessig til rette for denne oppgåva.

Fleire av forslaga til reglar i lova vil det også krevje ressursar å forvalte. Om fylkeskommunale organ gjennomgåande får plikter på linje med regionale statsorgan, etter alternativ 1 i lovforslaget, vil tilsynsarbeidet Språkrådet blir pålagt etter § 18, bli meir omfattande. Det same vil vere tilfellet dersom det blir innført ein regel som pålegg regionale statsorgan og fylkeskommunale organ å bruke ein viss prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument også i tilfelle der det finst svært få nynorskkommunar i tenestekrinsen.

Språkrådet kan ikkje sjå korleis vi kan unngå at det å utvide rettleiingsansvaret vårt til også å omfatte samiske språk, som følgjer av forslaga til §§ 9 og 18, vil føre til ei utviding av arbeidsfeltet for Språkrådet. Dette blir tilfellet sjølv om ansvaret blir avgrensa til rettleiing om god praksis og etablerte metodar. Det vil vere fagleg vanskeleg å gje god overordna rettleiing utan å skaffe til vegar kompetanse om struktur og syntaks i dei aktuelle språka og kompetanse om relevante rettskrivings-, fagspråks- og terminologiressursar for samiske språk. Det må òg byggjast opp ein grunnkompetanse om dei ulike språkspesifikke utfordringane, i samarbeid med relevante samiskspråklege miljø. Dessutan vil det vere behov for å samordne klarspråksrådgjevinga for samiske språk på tvers av Norden. Auka ressursar vil vere avgjerande for fagleg solid og effektiv rettleiing på dette feltet.

Om erfaringa etter at lova har fått verke ei stund, skulle tilseie at det blir nødvendig å innføre sanksjonar for brot på lova, jf. dei overordna merknadene våre, ser vi for oss at Språkrådet må få ei rolle også i oppfølginga av eit slikt sanksjonsregime.

Det er svært gledeleg at vi no får ei ny, heilskapleg språklov. For at føresegnene i lova skal få verke, er det rimeleg å forvente ein viss auke i ressursbruken knytt til forvaltninga av lova.

Merknader til strukturen i lovforslaget

I utkastet er språklova delt inn i fire kapittel, med til saman 21 paragrafar. Ein kan tenkje seg både føremonar og ulemper ved kapittelinnending. Det er grunn til å spørje seg om ei slik inndeling verkeleg trengst i ei så kort lov. På den andre sida må det seiast at kapittelinnending gjev betre oversikt over emna og gjer det enklare å finne fram i teksten.

Skal ein først ha kapittelinnending, bør ho vere føremålstenleg. Det vil seie at overskriftene (både på kapittel- og paragrafnivå) må vere informative og dekkjande, og disposisjonen må vere logisk. Paragrafane i kvart kapittel bør vere grupperte etter emne.

Etter vårt syn er ikkje alle overskriftene informative og dekkjande for innhaldet. Grupperinga og plasseringa av somme paragrafar verkar ikkje heilt logisk.

Merknader om kapittel og paragrafar

Kapittel 1 Overordna føresegner

Kapitteloverskrifta er svært generell, medan innhaldet er ei blanding av generelle og spesifikke (og nokså ulike) føresegner: føremål, definisjonar, verkeområde, omtale av språk, rettskriving, kommunale språkvedtak. Vi trur ikkje at alt dette høver under overskrifta «overordna føresegner»; vi trur ein er tent med ei litt anna tematisk inndeling. Mange av paragrafane i kapitlet bør heller plasserast andre stader eller samlast under andre overskrifter.

§§ 4 til 9 (om språk) inneheld dels fakta og status, dels plikt, dels rett. Det oppstår eit nivåproblem når desse paragrafane er grupperte saman på denne måten.

§§ 4 til 7 slår fast fakta om og status for norsk, samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. §§ 8 og 9 skil seg frå «statusparagrafane» både i innhald og utforming. § 8 inneheld ikkje fakta om eller status for dei skandinaviske språka i seg sjølve, men om *retten* til å bruke desse språka i kommunikasjon med det offentlege. Heller ikkje § 9 (klart språk) inneheld fakta. Dessutan er ikkje klart språk eit eige språk (som norsk, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes), det er ein måte å kommunisere på. § 9 er ei rein pliktføresegn, som vel høyrer saman med andre tilsvarande føresegner om dei språklege pliktene til offentlege organ. Jamfør den svenske språklova, som har kapitteloverskrifta «Språkanvändningen i offentlig verksamhet».

Framlegg: §§ 4 til 7 kan samlast i eit nytt kapittel 2 under overskrifta «Offisielle språk i Noreg» e.l. §§ 8 og 9 høyrer heime ein annan stad. Sjå også framlegg til ny struktur.

§ 10 *Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk* høyrer tematisk saman med §§ 8 og 9 (språkbruk i det offentlege, plikter). Det kan vere føremålstenleg å ha eit eige kapittel om språkbruk i offentlege organ, jf. igjen den svenske språklova.

Andre ledd [og det nye leddet vi tidlegare har gjort framlegg om] (om namn på statsorgan) bør skiljast ut som eigen paragraf, fordi namnsetjing ikkje berre dreier seg om rettskriving.

Framlegg: Del § 10 i to og lag ein eigen paragraf om namnsetjing. Paragrafane bør stå saman med andre paragrafar om språkbruk i offentlege organ (noverande §§ 8 og 9), i eit nytt kapittel 3 under overskrifta «Språkbruk i offentlege organ». Sjå også framlegg til ny struktur.

§ 11 *Kommunale (og fylkeskommunale) språkvedtak* bør heller stå i noverande kapittel 2, sidan paragrafen gjeld bruk av bokmål og nynorsk i offentlege organ. Kommunale (og fylkeskommunale) organ er å rekne som offentlege organ etter § 2. Sjå også framlegg til ny struktur.

Kapittel 2 Bruk av bokmål og nynorsk

I modellen med dei to nye kapitla vi har føreslått ovanfor, vil dette kapitlet bli eit nytt kapittel 4.

Framlegg til ny overskrift: **Bruk av bokmål og nynorsk i offentlege organ**

Noverande § 11 bør stå i dette kapitlet.

Noverande § 15 kan takast ut, sidan han blir dekt av endringsforslaga våre til § 12.

Kapittel 3 Språkrådet

I modellen med dei to nye kapitla vi har føreslått ovanfor, vil dette kapitlet bli eit nytt kapittel 5.

§ 18 Språkrådet

Paragrafoverskrifta er svært knapp. Ho bør vere meir spesifikk enn kapitteloverskrifta.

Framlegg til ny og meir informativ overskrift: *Språkrådets oppgåver og plikter*

§ 19 Opplysningsplikt

Paragrafoverskrifta er svært knapp. Kapitlet heiter «Språkrådet», og § 18 dreier seg om Språkrådets oppgåver og plikter. Då kan «opplysningsplikt» lett lesast som noko anna enn det som er meint (altså Språkrådets opplysningsplikt).

Framlegg til ny overskrift: *Plikt til å gje opplysningar til Språkrådet*

Kapittel 4 Iverksetjing og overgangsreglar

I modellen med dei to nye kapitla vi har føreslått ovanfor, vil dette kapitlet bli eit nytt kapittel 6.

Framlegg til ny struktur i lova

Kapittel 1 Overordna føresegner

§ 1 Føremål

§ 2 Definisjonar

§ 3 Verkeområde

Kapittel 2 Offisielle språk i Noreg

§ 4 Norsk språk

§ 5 Samiske språk

§ 6 Nasjonale minoritetsspråk

§ 7 Norsk teiknspråk

Kapittel 3 Språkbruk i offentlege organ

§ 8 Offisiell rettskriving

§ 9 Namn på statsorgan

§ 10 Klart språk

§ 11 Bruk av skandinaviske språk

Kapittel 4 Bruk av bokmål og nynorsk i offentlege organ

§ 12 Veksling mellom bokmål og nynorsk

§ 13 Parallell bruk av bokmål og nynorsk

§ 14 Bruk av bokmål og nynorsk til enkeltadressatar

§ 15 Kommunale (og fylkeskommunale) språkvedtak

§ 16 Krav til skrivekompetanse

§ 17 Klagerett

Kapittel 5 Språkrådet

§ 18 Språkrådets oppgaver og plikter

§ 19 Plikt til å gje opplysningar til Språkrådet

Kapittel 6 Iverksetjing og overgangsreglar

§ 20 Iverksetjing

§ 21 Overgangsreglar

Den nye paragrafen om fagspråk og terminologi som vi har gjort framlegg om, bør gå inn i den nye strukturen i kapittel 3, som ein ny § 11 med overskrifta *Fagspråk og terminologi*. Det vil medføre ei forskyving på +1 for nummera på dei etterfølgjande paragrafane.

Dersom det alternative framlegget om å ta føresegnene om fagspråk og terminologi inn noverande § 9 blir valt, jf. merknadene våre til den paragrafen, vil § 10 i kapittel 3 i den nye strukturen få overskrifta *Klart språk, fagspråk og terminologi*.

Vennleg helsing

Erik Ulfsby
styreleiar

Åse Wetås
direktør

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO